**«Lov om målbruk i offentleg teneste» skal sikre likestilling mellom bokmål og nynorsk. Det er derfor urimeleg å kalle lova «dypt udemokratisk».**

JENS HAUGAN

# Ørbæks antinynorsk-propaganda

**Bjørn Kristen Ørbæk serverer i HA 1.9. 10 «fakta» om dagens norske språksituasjon.**

JENS HAUGAN
Førsteamanuensis i norsk
Høgskolen i Hedmark

DEBATT

Heldigvis er det svært lett å vise at dette ikkje er fakta, men til dels heilt ville påstandar der forma minner meir om ein type propaganda som var vanleg i visse kretsar på 30-talet.

### 10 punkt

For ikkje å gjere dette innlegget lengre enn nødvendig, kjem eg berre til å kommentere dei ti punkta Ørbæk prøver presenterer for HA sine lesarar:

1. Det er Språkrådet som er eitt av dei viktigaste organa når det gjeld språkpolitikk, uavhengig av skiftande regjeringar. Hausten 2005 la Språkrådet fram forslag til ein ny språkpolitisk strategi med namnet «Norsk i hundre», eit dokument på nesten 200 sider. Språkrådet har også laga ein rapport «Språkstatus 2010». Begge dokumenta kan lesast på Språkrådet sine nettsider. I 2008 la regjeringa fram stortingsmeldinga «Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.» Elles kan ein nemne at bokmålsnorma blei revidert i 2005, og ny nynorsknorm kjem i 2011. Det er fritt fram for alle å komme med innspel i denne revisjonen. Språkrådet har oppretta ei nettside der kvar enkelt av oss kan bli høyrd. Noko meir demokratisk enn dette går det neppe an å gjere prosessen. Her er det ingen som bli knebla, og det er neppe større fanatikarar med i denne revisjonen enn det Ørbæk sjølv representerer.

### Sikre likestilling

2. «Lov om målbruk i offentleg teneste» skal sikre likestilling mellom bokmål og nynorsk. Det er derfor urimeleg å kalle lova «dypt udemokratisk». Dersom det er nokon som har språklege privilegium i det norske samfunnet, så er det bokmålsbrukarar. Vi andre er faktisk svært lite privilegerte når det gjeld å få lese vår eiga målform.

*SIDEMÅL: Sidemålsopplæringa i skulen er satt saman slik den til ei kvar tid gagnar elevane best, mener innsendaren.* FOTO: HA-ARKIV/SCANPIX

3. Ja, det kostar å ha to offisielle skriftspråk. Men det kostar generelt å investere i kultur og samfunnsliv.

### Ikkje til hinder

4. Eg vil påstå at Ørbæk ikkje kan komme med mange konkrete tilfelle der innvandrarar ikkje har fått jobb eller ikkje har lykkast i det norske samfunnslivet på grunn av manglande kunnskapar i sidemålet. Det er opp til Ørbæk å frambringe reell dokumentasjon på at mållova er «direkte til hinder».

5. Det er også opp til Ørbæk å dokumentere at «altfor mange lever i dag fett av de nynorske privilegier». Kven skulle det i så fall vere? Dei som trykkjer nynorske lærebøker? Dei tapar heller pengar. Det å få offentlege skjema på si eiga målform, er ikkje eit privilegium, det er ein rett vi har. Bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar har den same retten. Men det er bokmålsbrukarane som er privilegerte fordi det normalt alltid finst informasjon på bokmål, mens det er regelen heller enn unntaket at ein får informasjon på nynorsk.

6. Sidemålsopplæringa i skolen er ikkje nødvendigvis ein direkte konsekvens av mållova. Pensumet i skolen er sett saman ut ifrå det ein til ei kvar tid meiner gagnar elevane best for å bli velfungerande samfunnsmedlemmar. Gjeldande læreplanverk legg vekt på fem grunnleggjande ferdigheiter. Akkurat som det finst ulike emne innanfor matematikkfaget, finst det ulike emne i norskfaget, utan at ein treng politiske parti som ønskjer å fjerne delar av pensumet fordi dei meiner pensumet er «direkte til hinder for norsk ungdom». Eg har lært ein god del reknemåtar på skolen som eg ikkje har brukt seinare eller har følt eg har hatt bruk for. Likevel trur eg ikkje at desse skoletimane har vore til hinder for mi seinare utvikling, snarare tvert imot.

### Kunstig favorisering

7. Påstanden om at «den kunstige favorisering» av nynorsk går ut over «naturlige norske dialekter» er ein av dei største faktafeilane Ørbæk presenterer. Språkutviklinga sidan innføringa av radio og TV og meir bruk av massemedia har gått berre éin veg, nemleg mot normalisering i retning av bokmål. Mange av studentane eg har i norsk, seier dei snakkar bokmål. Dei har ingen følelse av å snakke ein særeigen dialekt. Også i nynorskkommunar hermar ungane etter språket på barne-TV. Det var dansk og i neste omgang bokmålet som førde til eit utvatning og «normalisering» av dei norske dialektane. Nynorskens grunnidé var å byggje på dei ulike norske dialektane, mens bokmålet var ei tilpassing av dansk. Ørbæk skyt altså langt over mål med påstanden sin.

8. Ja, Ivar Aasen sa at ein ikkje skulle tvinge nokon til å bruke landsmålet i staden for dansk. Aasen stolte på at folk skjønte av seg sjølv at det var meir naturleg å skrive norsk enn dansk. Faktafeil 8 er at Ørbæk tek ting ut av sin historiske samanheng.

9. Ørbæk har misforstått det grunnleggjande prinsipp at språk er levande og i stadig endring. Når nynorsken etter kvart opna for å ta inn fleire former som nokon vil kalle bokmålsformer, var det for skape eit levande skriftspråk som tek omsyn til den språklege variasjonen i Noreg i dag. Bokmål har gjennomgått mange rettskrivingsreformer, og det same har nynorsk. Når Ørbæk kritiserer valfridommen, så er dette noko ein har stramma inn ved førre bokmålsreform i 2005, og som vil skje med nynorsknorma 2011.

### Propaganda

10. Det er Ørbæk si tipunktsliste som er «direkte til latter» i eit opplyst norsk språksamfunn. Eit lite land som Sveits har tre offisielle skriftspråk pluss retroromansk. Elles er det mange afrikanske land der dei snakkar opptil ti ulike språk. I det internasjonale samfunnet er fleirspråklegheit faktisk heller regelen enn unntaket.

Ørbæk sine ti punkt er ikkje fakta, men rett og slett propaganda.

# Utviklingshemmedes rettssikkerhet må styrkes

KARIN ANDERSEN
nestleder i Stortingets arbeids- og sosialkomité (SV)

DEBATT

Samfunnet har et tungt ansvar for å beskytte særlig utsatte grupper. Vi vet at utviklingshemmede er i en sårbar situasjon, derfor har SV lenge jobbet for bedre ordninger, som blant annet krav om politiattest og andre tiltak for å minske risikoen for overgrep. Det har vært avdekket kritikkverdig politietterforsking i overgrepssaker mot utviklingshemmede. I slike saker har vi sett forskjellsbehandling, vi har sett mangel på faglig kompetanse og vi har sett dårlig eller ingen oppfølging.

Mørketallene for overgrep er antakelig særlig høye når det gjelder utviklingshemmede som ikke kan fortelle eller kan ha problemer med å bli trodd. Dette er vanskelige saker. Vi må sikre en god etterforsking og høy prioritering av disse sakene. Regjeringen arbeider derfor med ulike tiltak for å bedre utviklingshemmedes rettssikkerhet. En arbeidsgruppe skal blant annet vurdere om dommeravhør i straffesaker knyttet til overgrep mot utviklingshemmede skal bli påbudt.

De som foretar dommeravhør må ha særlig kompetanse på utviklingshemmede. Det aller viktigste vi kan gjøre er å styrke kunnskapen om ofrene og ofrenes situasjon. Videre må bedre dokumentasjon av skader på utviklingshemmede som overgrepsofre sikres, slik det tidligere er gitt pålegg om i familievoldssaker.

Det er behov for å åpne for flere enn ett dommeravhør. Til nå har hensynet til ikke å belaste offeret veid tyngst, men eksempler på opplaringer i saker med flere avhør taler for at dette er riktig.

Vi må se på nye beviskrav i straffesaker med utviklingshemmede, med sterkere vektlegging av atferdsendring og sakkyndige. Videre varsler justisdepartementet at det er behov for å vurdere om rett til bistandsadvokat for utviklingshemmede som skal ha blitt utsatt for seksuelle overgrep, skal lovfestes. I dag er dette opp til den enkelte dommer å avgjøre.

Opposisjonen har foreslått å opprette et offentlig utvalg som gjennomgår utviklingshemmedes rettssikkerhet generelt. Det skal regjeringen vurdere snarlig, når handlingsplanene for overgrep og vold i nære relasjoner skal revideres. Regjeringen har lovet en seriøs vurdering av alle forslag som kan styrke utviklingshemmedes rettssikkerhet.

Vi kan gjøre mange viktige endringer i justissektoren, men det er likevel slik at den største utfordringen kanskje finnes utenfor justissektoren: Vi må hindre at overgrep finner sted. Det kan vi få til gjennom tilsyn, vandelsattest, etiske retningslinjer og gode interne kontrollsystemer.

For SV er utviklingshemmedes sikkerhet høyt prioritert. Vi er glade for at regjeringen nå vil gi utviklingshemmedes sikkerhet den oppmerksomheten det fortjener.

**Debatt er siden for debattinnlegg, kronikker, kommentarer og analyser. Innleggene skal være på maksimalt 850 ord.**
**HA forbeholder seg retten til å forkorte.**